



Arkivnr: 2014/24696-1

Saksbehandlar: Berit Roksvåg

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-----------------------------|--------|------------|
| Opplærings- og helseutvalet | | 20.01.2015 |
| Fylkesutvalet | | 29.01.2015 |

Samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune - Bergen Katedralskole og Scandinavian School of Brussels frå skuleåret 2015 - 2016

Samandrag

Bergen Katedralskole (BKS) har søkt fylkeskommunen om å kunne inngå ein avtale med Scandinavian School of Brussels (SSB) frå skuleåret 2015 – 2016. BKS ønskjer å gje eit tilbod om utanlandsopphald for ei gruppe elevar på Vg2 studiespesialiserande og 2-IB elevar. I fyrste omgang ønskjer skulen å gje tilbod til to elevar på studiespesialiserande og to elevar på IB-linja om å ta det andre studieåret ved SSB. Ein ser føre seg at IB-elevane skal følgje ordinært IB-Diploma-tilbod ved SSB, medan elevane på studiespesialiserande vil følgje andre året på svensk gymnasium ved same skule. Etter fullført og godkjent skuleår i Belgia vil elevane gå vidare til Vg3 i Norge. Elevane som fullfører 2-IB ved SSB, går vidare til 3-IB på BKS.

Elevane som får dette tilbodet, vil skaffe seg ei verdifull internasjonal erfaring og følgjer fylkeskommunen si internasjonale satsing med «å bidra til at ungdom får internasjonal kompetanse, erfaring og medansvar.»

Scandinavian School of Brussels krev skulepengar frå elevane, og den årlege elevprisen vil vere ca. 180 000 NOK, som Hordaland fylkeskommune vil måtte dekke. Finansieringa må handsamast i budsjettet for 2016.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek at Bergen Katedralskole opprettar eit samarbeid med Scandinavian School of Brussels for å utarbeide eit tilbod for ei gruppe elevar på Vg2 studiespesialiserande og 2-IB elevar på Bergen Katedralskole frå skuleåret 2015 – 2016. Tilbodet vil i første omgang gjelde for ein periode på tre år.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 19.12.2014**Innleiing**

Bergen Katedralskole (BKS) har søkt fylkeskommunen om å kunne inngå ein avtale med Scandinavian School of Brussels (SSB) frå skuleåret 2015 – 2016. BKS ønskjer å gje eit tilbod om utanlandsopphald for ei gruppe elevar på Vg2 studiespesialiserande og for 2-IB elevar. For skuleåret 2015 - 2016 ønskjer skulen å gje tilbod til to elevar på studiespesialiserande og to elevar på IB-linja om å ta det andre studieåret ved SSB. Bergen Katedralskole ser føre seg at IB-elevane skal følgje ordinært IB-Diploma tilbod ved SSB medan elevane på studiespesialiserande vil følgje andre året på svensk gymnasium ved same skule.

BKS ønskjer etter kvart å utvikle tilbodet til også å gjelde skular i Tyskland og Storbritannia. I Norden ser skulen på moglegheiter på Island og i Finland. BKS ønskjer med dette på sikt å kunna tilby elevane ei europeisk eller ei nordisk utveksling.

Tilbodet

For elevane som går på IB-linja, vil det ikkje vere nokon skilnad når det gjeld innhaldet i undervisninga, då læreplanane for IB er dei same ved alle skular som har dette tilbodet. Elevar som begynner på andre året ved svensk gymnasium ved SSB, kan velje mellom programområdet realfag eller programområdet språk, samfunnsfag og økonomi. Elevane vil få undervisning i norsk ved skulen i Belgia og vil kunne oppfylle kravet til norsk i Vg2. Etter fullført og godkjent skuleår i Belgia vil elevane gå vidare til Vg3 i Norge. Elevane som fullfører 2-IB ved SSB, går vidare til 3-IB på BKS.

Elevane skal bu på internat på skulen i Belgia.

Elevane som får dette tilbodet, vil skaffe seg ei verdifull internasjonal erfaring og følgjer fylkeskommunen si internasjonale satsing med «å bidra til at ungdom får internasjonal kompetanse, erfaring og medansvar.» I studieopplegget er det lagt inn besøk til dei internasjonale politiske institusjonane i Brussel samt ekskursjonar til historiske stader som Ypres og Waterloo.

Vurdering

Dette vil i fyrste omgang vere eit tilbod som famnar svært få elevar. BKS søker i utgangspunktet om å sende ut fire elevar i skuleåret 2015-2016. Elevane som vil få tilbodet, er elevar ved BKS, og dette er ikkje etter modell av Hordalandsklassane, der alle elevar innanfor studiespesialiserande eller elektrofag i Hordaland har moglegheiter for å søkje. På den andre sida har vi tilbod både på Voss jordbruksskule og Lønborg vgs som berre omfattar eigne elevar og som gjeld ei lita gruppe elevar. Alle desse ordningane gjev støtterett i Lånekassa.

Tilbodet ved Scandinavian School of Brussels krev skulepengar. Det gjer også tilbodet vi har i Cardiff, Wales. Knarvik vgs som er koordinatorskule, får tildelt ordinær elevsats for elevane som tar Vg2 i Cardiff, og kostnadene for fylkeskommunen er dermed som ved ein ordinær klasse ved Knarvik vgs. Det er ikkje vanleg å krevje eigendel for elevane som får tilbod om eit år eller delar av eit år i utlandet.

Økonomi og vidare oppfølging

Kostnadane vil vere ca. 180 000 NOK per elev, som Hordaland fylkeskommune vil måtte dekke. Finansieringa må handsamast i budsjettet for 2016.

Etter politisk handsaming i fylkeskommunen vil Fylkesrådmannen søkje til Senter for internasjonalisering av utdanning om godkjenning av samarbeidsprosjektet og godkjenning for utdanningsstøtte i Lånekassa.